



## Årsmøte for 2024 - Jølster Jeger- og fiskarforeining

Torsdag 13.03.2024 kl. 19.00-20.30 i gamle bankbygget  
på Skei

### Sakliste:

#### 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av innkallinga

Val av ordstyrar

Val av sekretær

Val av to medlemar til å underskrive protokollen

Godkjenning av forretningsorden.

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

- Talerett har alle frammøtte på årsmøtet
- Forslags- og røysterett har alle med gyldig medlemskap i Jølster JFF.
- Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppførd på saklista kan handsamast. Forslag på vedtak skal fremmest før strek er sett.
- Avstemming på endringsforslag skal avgjerast med simpelt fleirtal.
- I protokollen skal det førast inn innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

#### 2. Godkjenning av årsmelding frå 2024

#### 3. Godkjenning av revidert rekneskap frå 2024

#### 4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak

- a. Det er ingen innkomne saker.

#### 5. Styret sine forslag til årsplan.

- a. Styret syner til aktivitetskalendaren på portalsida.

#### 6. Styret sine forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap.

a. Styret foresler å halde kontingentsatsen på låg

7. Val av styre i samsvar med § 8 i NJFF si vedtektsnorm.

a. Valnemnda sin innstilling:

Leiar - Ann Kristin Gaare – gjenval – 1 år

Nestleiar – Kåre Sætenes Strømmen – **ny for 2 år**

Styremedlem Rune Ytredal – gjenval 2 år

Styremedlem – Ole Marius Marifjæren -- 1 år att

Styremedlem – Siri Lisbeth Gjesdal Årdal- 1 år att

Varamedlem – Karianne Dvergsdal Bøyum - 1 år att

Varamedlem – Sander Mundal Viken —**ny for 2 år**

8. Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov

a. Styret konstituerer på første styremøte etter årsmøtet

9. Val av valnemnd på tre medlemmar.

a. Valnemnda si innstilling:

Vemund Sætenes Strømmen, Oddgeir Solvåg og Ronny Karlsen (**ny**)

10. Val av revisor(ar).

a. Valnemda si innstilling:



## Årsberetning for Jølster Jeger- og fiskarforeining for året 2024

Styret har i 2024 bestått av:

Ann Kristin Gaare – leiar, jegerprøveansvarleg

Rune Ytredal – nestleiar

Siri Lisbeth Gjesdal Årdal – styremedlem, kvinnekontakt

Ole Marius Marifjæren – styremedlem, sekretær

Torbjørn Ripe –styremedlem, ungdomskontakt

Kåre Sætenes Strømmen – varamedlem, ansvarleg skytebane hagle

Karianne Dvergsdal Bøyum – varamedlem

Andre tillitsvalde:

Revisorar: Ragnvald Søgnesand

Valkomite: Tom Andre Helmen, Vemund Sætenes Strømmen og Oddgeir Solvåg

### Året 2024

Styret har vore samla til 6 styremøter, og i tillegg teken nokon avgjerdsalar på styret sin Facebook/Messengergruppe. Av sakar som har vore til handsaming kan nevnast skyteaktivitetar, dugnad på leirduebana og innkjøp av utstyr, planlegging av øvrige aktivitetar m.m.

Foreininga hadde 102 medlemar pr 31.12.24, det er 6 færre enn utgangen av 2023.

Året 2024 har vore eit år med mykje planlagte aktivitetar, noko har vore lite oppmøte på, og andre ting vart avlyst av same grunn.

Leirduebana har vore ope frå juni til august, og det har i snitt vore 6-7 personar innom kvar gong, men vi skulle gjerne hatt fleire med. Vi ser likevel at kontinuitet på arrangementa der gjer til at fleire kjem til etter kvart.

Steinar Lindstrøm har vore ansvarleg for garnfiske og båten på Svidalsneset og har gjort ein strålende jobb med å ivareta det. Vi tok i bruk bookingløysinga som NJFF har på LetsReg.no til båtane, med godt resultat, men ser at det er behov for noko justeringar på garnfisketidene der.

Båten i Sanddalen har og vore leigd ut, og er eit greitt supplement til båten på Svidalsneset og «njff-båten» som no er plassert på Kjøsnes.

Kråkefella vart flytta litt for lettere å få røkta den, men stormen tok den, og den er heilt øydelagd.

#### Aktivitetar i 2024 som har vore annonserte:

- Jegerprøvekurset i 2024 hadde 7 deltagarar.

- Sporkurs/grunnkurs ettersøk i samarbeid med Sunnfjord hundeklubb, som stilte med ein ekstra instruktør, hadde 12 deltakar.
- Fiskesommar i samband med Jølster aurefest 7.juni, i lag med Speidaren. Oppunder 100 små og store møtte opp på moloen ved Kjøsnes feriehytter. Entusiastiske barnehender fekk prøve fiskelykka med stang, og stemninga var god om det ikkje vart so mange napp. Alle som ville fekk vere med ut i båt å dra garn. Fangsten var bra og det smakte fortreffleg med filetert jølstraaure rett frå bålpanna. Vi grilla pølser og koste oss. Ein vellykka kveld vart avslutta med artig premieutdeling til alle borna som deltok. Takk til Atle Lunde som var med å rigga, og sette ut garn kvelden før.
- Garnfiske / Flytegarnfiske i Jølstravatnet – Det er registrert 18 bookinger på flytegarnfisket. Båten i Sanddalen har 4 bookinger.
- Rifleskyting for damer har vore arrangert 3 gonger, litt lite oppmøte, men triveleg for dei som var med.
- Rekrutteringsskyting vart annonsert 2 dager. Litt lite oppmøte.
- Jaktstiskyting med rifle på bevegelege mål vart arrangert to gonger og har vore svært populært arrangement.
- Slakte-/parteringskurs med Steinar Lindstrømvart helde i Svidal, og det var 9 deltakarar på kurset.
- Introjakt rype vart avlyst grunna stengt for jakt
- Introjakt hjort vart i Sanddalen 19. oktober. Det var 8 ferske jegere påmeldt, og vi fekk god hjelp av hundane til Jan Inge Skjerven frå sogn til å drive fram hjorten. Det vart observert fleire dyr, men ingen fall.
- Dugnad på leirduebana med godt oppmøte

## Resultatrekneskap

Rekneskapsåret 2024 syner eit årsresultat på – 59 760,-  
Resultatet kjem i hovudsak av at vi har hatt utgifter på leirduebana og kjøpt inn skytesimulatorsystem planlagd bruk til medlemskveldar.

Jølster 10.03.2025

Ann Kristin Gaare Leiar	Rune Ytredal Nestleiar	Torbjørn Ripe Styremedlem
Ole Marius Marifjæren Sekretær	Siri Lisbeth Gjesdal Årdal Styremedlem	

**Årsrekneskap 2024**

<b>Inntekter</b>				
Introjakt		kr 7 315,00		
Renteinntekt		kr 343,00		
Jegerprøvekurs		kr 8 178,00		
Skytebane-/aktivitet		kr 16 222,00		
Tilskot		kr 8 554,00		
Medlemskontingent		kr 5 773,00		
Andre kurs		kr 19 789,00		
Garnfiske		kr 11 632,00		
MVArefusjon		kr 12 373,00		
<b>Sum</b>		<b>kr 90 179</b>		
<b>Utgifter</b>				
Jegerprøvekurs		kr 8 178,00		
Andre kurs		kr 12 687,00		
Fiskesommar		kr 3 214,00		
Introjakt		kr 5 000,00		
Skytebane-/aktivitet		kr 52 922,00		
Møteaktivitet		kr 4 277,00		
Garnfiske/båt		kr 16 355,00		
Diverse utgifter		kr 47 306,00		
<b>Sum</b>		<b>kr 149 939</b>		
<b>Årsresultat</b>		<b>-kr 59 760,00</b>		

**Eigenkapital**

Hagleskot	estimert	kr 20 000
Leirduer	estimert	kr 15 000
Utstyr		kr 70 000
Bank		kr 310 001
<b>Sum</b>		<b>kr 415 001</b>

Ann Kristin Gaare  
leiar  
Rune Ytredal  
nestleiar


Torbjørn Ripe  
styremedlem  
Ole Marius Marifjæren  
styremedlem

Siri Lisbeth Gjesdal Årdal  
styremedlem

## **Revisjon Jølster jeger og fiskarforeining**

Rekneskapen til Jølster jeger og fiskarforeining 2024 er revidert og funnen i orden.

10.03.25



Ragnvald Søgnesand